

SAK 15-13 SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL NM I SAUEKLIPPING 2013

Saksopplysning

I brev dat. 21.5. 2013 søker Gol Sau og Geit og medarrangør Buskerud Sau og Geit om kr. 50.000 til NM i saueklypping, som er tildelt Gol Sau og Geit i samarbeid med Gol Reisemål. Medarrangør er Buskerud Sau og Geit.

I sak 07/13 handsama Regionrådet søknad frå Gol Reisemål om tilskot til NM i saueklypping, der det vart gjort slikt vedtak:

Saka vart utsett for nærmere vurdering av det prinsipielle ved å gje tilskot til denne type arrangement, og om det eventuelt er midlar det kan søkast på i Buskerud fylkeskommune, under posten festivalstøtte.

Søknad er no tydeleggjort i forhold til at eventuell støtte gjeld NM i saueklypping og går til arrangør av arrangementet. Total budsjett inkl. eigeninnsats er kr. 652.000, der det og er rekna med kr. 200.000 i tilskot frå bygdeutviklingsmidlar.

Vurdering

Regionrådet for Hallingdal har tidlegare drøfta om det skal gjevast tilskot til ulike arrangement og festivalar. Det kan her vera fornuftig først å drøfte det prinsipielle.

Det har ikkje vore vanleg å gje tilskot til årlege arrangement/festivalar. Argumenta for dette har m.a. vore at det ikkje skal gjevast tilskot til tiltak som meir er å sjå på som eit driftstilskot til eit årleg arrangement. Med alle dei årlege arrangement/festivalar som er i Hallingdal ville fort mykje av partnarskapsmidlane gå til drift av arrangement/festivalar, noko som ikkje er intensjonane i partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune. I partnarskapsavtala er det og eit mål at den økonomiske potten ikkje skal «strøyast ut» på mange små tiltak. Ut frå dette bør det som utgangspunkt ikkje gjevast støtte til årlege arrangement/festivalar i Hallingdal.

Spørsmålet kan likevel vera om det skal kunne gjevast støtte til arrangement som er å sjå på som enkelthendingar, og som er av betydning for Hallingdal. I ein slik samanheng bør det etter dagleg leiar sitt syn kunne vurderast om NM i saueklypping er eit tiltak, som kan støttaast økonomisk.

Dette er eit arrangement som skal involvere aktørar frå heile regionen, spesielt innan landbruk og sauennæringa. NM i saueklypping vil kunne setja fokus på ei viktig næring i Hallingdal, men som stadig blir redusert.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 50.000 til Gol Sau og Geit, som tilskot, i samband med NM i saueklypping 2013.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at tilskotet blir løyvd frå partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.

Ål 30.5.2013

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad frå Gol Sau og Geit, dat.21.5. 2013

Regionrådet i Hallingdal
v/Daglig Leder
Knut Arne Gurigard

Hemsedal 21. mai 2013

Søknad om støtte til NM i saueklypping på Gol 27.-28. september. Søknadsbeløpet er på kr. 50.000-
NM i saueklypping er tildelt Gol Sau og Geit i samarbeide med Gol Reisemål. Medarrangørar er Buskerud
Sau og Geit.

Norsk Sau og Geit tildeler kvart år NM i saueklypping. I statuttane for gjennomføring er avgjørande for
tildeling av arrangement at det er ein god ramme rundt sjølve arrangementet. Ål har hatt dette
arrangementet for Buskerud tidlegare, no gjekk turen til Gol. Nortura på Gol er med som ein av
hovudsponsorane til dette arrangementet. Norsk Sau og Geit har gjeve lovnad om å støtte arrangementet,
men søknad er ikkje formelt behandla.

NM i Saueklypping er eit nisjearrangement som famnar om sauenaeringa i heile Hallingdal. Arrangementet
er basert på dugnad frå alle lokale sauelag i Hallingdal. Under sjølve arrangementsdagen vil ca. 60 – 70
frivillige funksjonærar på Gol frå heile Hallingdal vera i sving. Gol Reisemål er medarrangør for å skape ein
god ramme rundt NM. Utan Gol Reisemål sitt positive engasjement for å få tildelt NM i saueklypping til
Hallingdal, hadde ikkje Gol Sau og Geit hatt kapasitet til å gjennomføre eit slikt arrangement. Gol Reisemål
ynskte derimot ikkje å endre på den ordinære helga som Fårefestivalen arrangeras. Me er derfor veldig
takksame for at Gol Reisemål la godviljen til ved å gjennomføre Fårefestivalen gjennom ei heil veke og med
NM i saueklypping som avslutning inn mot fyrste helga av haustferien.

Arrangementet er eit viktig for samhaldet rundt landbruk og sauenaeringa i Hallingdal. Buskerud Sau og
Geit skal i 2013 i gang med prosjektet "meir sau i Buskerud". Målet med prosjektet er pleie av
kulturlandskapet og auka matproduksjon. Skal ein nå desse mål, må ein auke talet på sau, og då spesielt i
øvre delar av Buskerud. Det er svært viktig at næringa pratar positivt om sau, og at me profilerer sau
på ein positiv måte, slik som det no vil gjera med å arrangere NM i saueklypping på Gol. Det skal også
arrangerast NM i gjeterhund på Gol, dette skal skje på Kamben 23.-25. august. Buskerud Sau og Geit stiller
opp på begge arrangementa for å formidle satsinga på meir sau i Buskerud.

Buskerud Sau og Geit har tru på fjellandbruket i Hallingdal, og her vil småfehaldet spela ei svært viktig rolle i
framtidia. Sauen er kanskje den viktigaste kulturlandskapspleieren me har i fjellet, og med sauken kan me
stort sett gjere heile produksjonen av mat på inn og utmarksbeite, det er det ingen andre husdyr som kan!

Innovasjon Norge si strategiske satsing framover er å auke matproduksjonen i Noreg. Skal me lukkast må
me nyte dei ressursane som ligg her, og me må i større grad enn tidlegare spreie positiv fokus for utvikling
av fjellandbruket. Det er viktig å auke omdømet til sau, for den er kanskje den viktigaste spira til utvikling
og pleie av fjell og kulturlandskap.

NM i saueklypping på Gol er eit viktig arrangement for Hallingdal, og alle dei som vil koma og oppleve dette
arrangementet. Me håpar derfor Regionrådet i Hallingdal gjer økonomisk bidrag til gjennomføring av dette
arrangementet. Nye næringar er viktig for tilflytting og vekst i Hallingdal, men kanskje like viktig er det å ta
vare på og vidareutvikle eksisterande næringsliv.

BUDSJETT FOR NM i SAUEKLYPPING 2013

2013

DRIFTSINNTEKTER

Gol kommune (næringsfondet)	50 000
Regionrådet Hallingdal	50 000
Støtte av SLF/NSG	50 000
Bygdeutviklingsmidler	200 000
Offentlig tilskudd	350 000

Nortura	50 000
Andre sponsorer	50 000
Del av telt (Betalt av Gol Campingsenter)	25 000
Påmeldingskontigent fra saueklipperne	25 000
Sum andre inntekter	150 000

Sum driftsinntekter	500 000
----------------------------	----------------

DRIFTSKOSTNADER

Administrasjonskostnader, møtevirksomhet/reisegodtgjørelse	80 000
Div varekjøp	20 000
Markedsføringsforsamarbeid med Fårefestivalen	10 000
Felles bankett - sponset til dommere, funksjonærer og andre innbedte (ca 75 pers)	32 000
Mat til dognadsfolk og dommere/funksjonærer (ca. 75 pers)	15 000
Teltleie	90 000
Planlegging av kjøring av sau/kontakt med produsent, transport til og fra arr. Foring av sau i helga, og komp. for dyreeiere for disp. dyr over dager. Norturadresser til funksjonærer.	50 000
Betale 50% av inngangsbillett fredag i festivalteltet på kvelden for funksjonærerne	10 000
Betale 50% av inngangsbillett lørdag i festivalteltet på kvelden for funksjonærerne	15 000
Pengepremie til vinnerne i alle klasser, samt 2, 3 og 4 plass (ca 60 deltagere)	60 000
Pengestøtte fra SLF/NSG dekker dommerkurs og betaling av deltagende dommere	40 000
Honorar og reisegodtgjørelse og overnatting til dommerne	50 000
Dugnadshjelp fra ca 60 personer a`10 timer til en verdi av kroner 300,- per time	180 000
Sum driftskostnader	652 000

Driftsresultat	-152 000
-----------------------	-----------------